

Bømlo kommune
Leirdalen 1
5430 BREMNES

Dykkar ref.
2021/7761-L13

Vår ref.
23/00361-2

Sakshandsamar
Beatrice Frabetti

Dato
28.06.2023

Vedr. - Høyring av framlegg til Detaljreguleringsplan for naustområde Klubbavika, gnr/bnr 8/4 m.fl., PlanID 202201 - forholdet til marine kulturminne

Me viser til e-post motteke 16.06.2023.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved gnr/bnr 8/4 m.fl i Bømlo kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Me har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid.

Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Med helsing

Beatrice Frabetti

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Kopi:
marinarkeologi

